


Over 2000 opplevde stor Åge-kveld



Åge for tredje gong i Uskedalen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utan forkleinelse for dei to andre banda som også var med og opna Festidalen: Den første festivalkvelden vart framfor alt ein fantastisk Åge-kveld.

Festivalsjef Sveinung M. Pile våga ikkje inatt å tippa kor mange som var der, men truleg er ikkje 2.000 eit for dristig anslag. Svært mange kom seint for berre å høyra Åge.

Og hvis nokon som var der har undra seg over kvifor 60-åringen frå Namsos framleis har ein så eineståande posisjon undrar dei seg truleg ikkje lenger.



[Det er Åge-fans i alle aldrar. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Det vart ein gong skrive om Alf Prøysen at hans produksjon hadde vorte folke-eige. Men no kan det samme seiast om Åge Aleksandersen. Mange Åge-låtar er slike som folk flest kan og som dei nynnar på fordi dei sit lagra inst i sjela.



Robert Smith-Hald er ein artist for oppadgåande. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Han overlet da også til publikum å syngja deler av dei denne kvelden og vart tydeleg sjølv imponert over kva kvinnheringane kunne av songane hans.

Så kvitterte han da også på ein svært smigrande måte.

Før slutten av konserten gav han uttrykk for at det var 'fantastisk av Uskedalen' å finne på eit arrangement som dette og sa at det var 'einestående bra'.

Det skal også seiast at Sambandet er eit einestående band både med omsyn til musikalsk kapasitet og sceneshow.

Eit ytterlegare poeng i samband med Åge er generøsiteten hans mot publikum. Han heldt det gåande i over halvannan time inatt. Og blant publikum sto ei kvinne som hadde ein spesiell oppleving då Åge for 25 år sidan song på Uskedalsdagane. Ho stod der med ein blomebukett og Åge kom ned frå scena og fekk buketten samstundes som han ga jenta ein god klem!

Festivalen fekk i det heiletatt ein svært god start. Framfor alt skjedde det ved at sola kom utpå ettermiddagen, men også det første bandet skal berømmast for at det slo an tonen.

Robert Smith-Hald og Fusast Finest (med musikarar også frå Fusa og Halsnøy) viste kvifor han og bandet har hatt suksess med debutplata 'Innocense Said'.

Robert, som er frå Pennsylvania men bor i Bergen, er åpenbart eit stort talent både som låtskrivar og songar.

Band nummer to denne første kvelden var nok for mange ein transport-etappe før Åge, men jentene i Oslobandet Norma Sass var sjarmerande nok....

Ellers skal arrangørane berømmast for å ha ein velsmurt og velfungerande stab. På denne første dagen var 53 frivillige i aksjon og dei kunne kva dei gjorde. Til dømes arbeidde dei sikkert og effektivt då Åge-køa toppa seg utpå kvelden.

Ein av dei frivillige var båt-turist Rita Madsen Nødtvedt frå Bergen. Ho kom med båt onsdag og meldte seg straks som frivillig då ho såg plakaten i Sandavegen!

'Alt for Uskedalen' er også hennes slagord.

Av Ola Matti Mathisen



Rita Madsen Nødtvedt meldte seg spontant som frivillig då ho kom kom med båten frå Bergen. Her delar ho ut vestar til dei andre frivillige. (Foto: Ola Matti Mathisen)